

**- Total rehabilitering må komma**

10.03.2008

**Verksemdsleiar Stein Elling Schille ved Rosendal ungdomsskule tek til etterretning at godkjenninga av skulen er kalla attende men at kommunelegen ikkje finn grunnlag for å stenge skulen.**

**Men Schille føreset at kommunen gjennomfører ei total rehabilitering i tråd med den vedtekne prosjektplanen og at ein deretter byggjer om og nytt i tråd med målet i planen om at skulen skal vera tenleg i dei neste 20 åra.**

Når dette arbeidet er avslutta, vil det verte søkt om ny godkjenning, skriv Schille.

Arbeidet med rehabiliteringa er no i gang. Formannskapet vedtok i siste møte ein prosjektplan og prosjektgruppa har hatt det første møtet sitt.

Schille held fram at det ikkje er nokon meining i å bruke store summar på å reparere noko som kan hende må fjernast eller gjerast om når rehabiliteringa kjem. Det bør vera eit mål at alle gode krefter vert samla om det eine: Å få gjennomført prosjektplanen slik at ein kan starte opp rehabiliteringsarbeidet tidlegast mogeleg i 2009.

Planen går ut på at ein i desember i år skal ta stilling til planen, bestemma om hovudprosjektet skal startast opp og kva delprosjekt som skal prioriterast.

Av Ola Matti Mathisen